

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Hordabø idrettslag
v/Frode Myking
Bøtjørnvegen 90
5937 BØVÅGEN

SØKNAD OM EKSTRAORDINÆRT TILSKOT

Hordabø idrettslag viser til ekstraordinær tilskotsordning og søker herved om eit eingangstilskot til investering i bygg, anlegg og utstyr som er allment tilgjengeleg.

Hordabø idrettslag er stolt eigar av Hordabøhallen. I hallen arrangeres det 17 mai, familiefestival, trimløp, konsertar & dansar m.m. I tillegg har me mange som brukar hallen til fotball, cheerleading, taekwondo, boccia og andre idrettar. Felles for alt dette er at det medfører mykje utstyr som treng lagringsplass. Dessverre har ikkje Hordabøhallen særlig med lagringsplass og pr.idag må dusjar, toaletter og kontor brukast til å oppbevare nødvendig utstyr. For hallens brukarar er situasjonen uholdbar og no har idrettslaget satt i gang med bygging av eit nytt lagerbygg i tilknytning til hallen. Lageret er tenkt å brukast til lagring av bord, stolar og alt anna nødvendig utstyr som i dag gjer at hallen ikkje har dusjar og toalett som kan brukast slik det er tenkt.

Bygginga blir svært kostnadskrevande for idrettslaget men tvingar seg fram som ei heilt nødvendig investering. Me håpar derfor kommunen ser nødvendigheten i dette og at dei støttar oss med eit sårt tiltrenkt tilskot. Me søker derfor om eit ekstraordinært tilskot på kr 200.000 til formålet. Kostnadsoverslag er vedlagt.

Med vennleg helsing
For Hordabø idrettslag

Frode Myking
Leiar